

PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 07/25

Styremøtet 07/25 blei gjennomført tysdag 02. sept. på Microsoft Teams.
Møtet starta kl 20:00 og vart avslutta 21:30.

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar		x	Sjukmeld
Tone Stavland, konstituert styreleiar	x		
Jan-Erik Weinbach, styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem	x		
Natalia Golis, varamedlem		x	
Lasse Lerum, varamedlem	x		
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef	x		
Ole Nilsen	x		Var med til og med sak 41/25
Pia Mørk Andreassen – avdelingsleiar Olympiatoppen Vest	x		Var med til og med sak 41/25

Sakliste:

Sak 38/25: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Sak 39/25: Godkjenning av protokoll frå styremøte 06/25

Sak 40/25: Økonomi

Sak 41/25 Flytting av Olympiatoppen Vest frå Fjøsangerveien til «Svingen» på Brann stadion

Sak 42/25: Tildeling Ekstrainsatsmidlar haust 2025

Sak 43/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

Sak 38/25: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vedtak: Møteinnkalling og sakliste godkjent

Sak 39/25: Godkjenning av protokoll fra styremøte 06/25

Saksunderlag: Utkast til protokoll fra styremøte 06/25

Vedtak: **Protokollen frå styremøte 06/25 godkjent**

Sak 40/25: Økonomi

Saksunderlag: Prognose pr 26.8
 Statusrapport avdelinger per august
 Balanse pr 27.08.25

Kommentarar:

Vi har laga ein prognose for drifta av VIK som viser eit utrekna resultat på -174.198,-, noko som er innanfor budsjettet vedteke på kretstinget. I høve til tidlegare prognosar har vi no valt å visa periodiseringa i eiga linje, noko som gjev ei betre samanlikning mot budsjett, særleg på inntektssida. Dei fleste inntektene er på plass og mottekne. Restbeløp, momskompensasjon og kapitaliserte renter vert inntektsførte seinare, men storleiken på desse er i stor grad kjent.

Den einaste usikre posten er ein søknad til Bergen kommune om inkluderingstilskot som enno ikkje er handsama og der vi ikkje har motteke tilsegnsbrev. Dette har vore ei årleg løyving på kr 350.000. Dersom denne fell bort, vil det få konsekvensar for resultatet.

På kostnadssida er det førebels kontroll, med nokre overskridingar særleg knytte til lokale og drift av desse, men desse vert oppvege av mindre forbruk andre stader i budsjettet.

Uavklarte kostnader er i hovudsak knytte til pensjonskostnader, der vi førebels berre har motteke faktura frå SPK for årets fire første månader. I prognosen har vi teke høgd for dette, men usikkerheita er knytt til storleiken på dette beløpet. Kommentarar til drifta av avdelingane VIRK, OLTV og TIP er gjorde i vedlagde saksdokument. Generelt ser det bra ut, og resultatet for desse avdelingane vil ikkje påverke resultatet til VIK.

Vedtak: **Styret tek rekneskap og prognose per august 2025 til orientering.**

Sak 41/25: Flytting av Olympiatoppen Vest frå Fjøsangerveien til "Svingen" på Brann stadion

Saksunderlag: Støttebrev Olympiatoppen sentralt
Notat Olympiatoppen Vest

Kommentarar:

Olympiatoppen Vest har eit sterkt ønskje om å flytte inn i lokale i "Svingen" på Brann Stadion. På eit ekstraordinært årsmøte i SK Brann vart det vedteke at EDG skal byggje ut "Svingen" på Brann Stadion. Olympiatoppen Vest er invitert inn i prosjektet saman med Høgskulen på Vestlandet og Vestland idrettsmedisinske senter.

Olympiatoppen Vest er per i dag organisatorisk og juridisk under Vestland idrettskrets. Vi vil i denne saka greie ut kva konsekvensar ei flytting vil ha å seie for Vestland idrettskrets.

Økonomiske konsekvensar av ei flytting:

OLTV arbeider med det utgangspunkt at kontrakten ikkje skal overstige leige av 150 kvm til oppgitt pris kr 3.240,-. Arbeidet med å klargjere arealet er i gang og det er mogleg at arealet kan bli noko mindre enn 150 kvm.

KVM 150 kvm	
Kontrakt Svingen Brann Stadion	kr 486.000
Felleskostnader berekna ca 310 pr kvm	kr 46.500
Eiga straum i eksklusive lokale	kr 35.000 Berekna
Reinhald eigne lokale	kr 30.000 Berekna
Forsikring eigne lokale	kr 3.000 Berekna
Totalt	kr 600.500

OLTV leiger i dag treningsfasilitetar og lab hos HVL. Alternativ ny leigeavtale av treningsfasilitetar og lab i "Svingen" føreset at dette vert dekt av tilsvarande beløp som blir betalt til HVL i dag. Ei slik avtale er ikkje klar enno. Fleire detaljar må på plass før det kan takast ei avgjerd. Vi føreset at prisen for ei evt. ny avtale i "Svingen" ikkje overstig dagens avtale dei har med HVL.

Dagens kostnader på leigeforhold i Fjøsangervegen er:

Husleige	kr 318.594
Kantinebidrag	kr 15.350
Parkeringsubsidiar	kr 30.323
Totalt	kr 364.267

Meirkostnaden blir då berekna til kr 236.233. Vi ser dette som handterleg innanfor OLTV/TIP-økonomien som samla sett er på ca. 12 millionar kroner.

Ei anna utfordring som vert utløyst av OLTV si flytting er dagens leigeforhold og forplikting. Denne vil p.t. vere på eit beløp kr 318.594 (som vil indeksjusterast) og lengda på eit potensielt inntektstap vil vere 2,5 til 3 år. OLTV og VIK vil samarbeide om å skaffe framleigetakar som kan overta eksisterande leigeareal. Denne må godkjennast av VIK og kan ikkje vere ei momspiktig verksemd. Vår innstilling utover det vil vere at OLTV vert belasta for det beløp vi ikkje klarer å skaffe leigetakar til i denne perioden.

Fordelar og ulemper ved å ikkje vere samlokalisert eller samorganisert:

Det faglege samarbeidet vil i liten grad bli påverka for VIK sin del ved at OLTV flyttar ut av Idrettens hus. For dei andre leigetakarane på Idrettens hus er vi usikre på konsekvensen for dei av at OLTV flyttar, her vil det vere variasjonar.

Den daglege sosiale kontakten og tilgjengelegheita vil truleg bli påverka negativt ved å ikkje vere samlokalisert. OLTV og VIK vil framleis invitere kvarandre til dømes dagleg leiar-samlingar.

Det politiske arbeidet er eit sentralt samarbeidspunkt mellom VIK og OLTV. Dette vil i noko grad bli påverka ved at vegen blir lengre mellom kontora. Her må ein vere medviten gjennom å setje opp faste møtepunkt om dette gjennom året, og ha tydelege forventningsavklaringar.

Byggeprosjektet på Krohnsminde og særleg finansieringa av ynskte areal til OLTV vil bli enklare å løyse dersom OLTV ikkje vert ein del av dette prosjektet. På den andre sida, om vi hadde klart å løyse det, ville potensielt OLTV fått betre og meir tilgjengelege lokale på Krohnsminde.

Ei oppsplitting organisatorisk kan vere naturleg å vurdere dersom vi endar opp på ulike lokasjonar. Fleire av dei regionale kontora i Olympiatoppen-systemet ligg i dag under Olympiatoppen sentralt. Vi ser at ei oppsplitting organisatorisk vil gje fleire negative konsekvensar:

- VIK belastar i dag OLTV for nokre tenester som rekneskap.
- OLTV får i dag overføringar som til dømes moms-kompensasjon og renter, noko dei vil miste ved ein overgang til OLT. Totalt p.t. ca kr 800.000.
- Likviditetsoverskotet og innteninga på dette vil bli påverka negativt av ei oppsplitting.

Vedtak: **Styret godkjenner at det vert inngått ein leigeavtale med EGD Svingen AS under føresetnad av at kontrakta si leige ikkje overstig kr 486.000 per år. Leigekontrakta vert underskriven i samsvar med signaturrett.**

Olympiatoppen Vest vert belasta for eventuell manglande husleige på eksisterande lokale i Fjøsangerveien fram til leigeavtalen går ut i august 2029.

Styret presiserer viktigheita av at administrasjonen i VIK og OLTV etablerer gode rutinar for samarbeid og informasjonsutveksling, og at det vert gjort tydelege forventningsavklaringar mellom VIK og OLTV i det framtidige samarbeidet når ein held til på 2 ulike lokasjonar.

Sak 42/25: Tildeling Ekstrainnsatsmidlar haust 2025

Saksunderlag: Utkast til brev til idrettsråd
Utkast til fordeling blant idrettslag i Vestland med foreslått tildelingsbeløp

Kommentarar:

Kulturdepartementet har ved fordelinga av spelemidlane til idrettsformål sett av eit ekstratilskot på 150 millionar kroner til ekstrainnsats for deltaking i idrettslag.

Ekstrainnsatsen gjerast til ein permanent post i fordelinga av spelemidlar til idrettsformål.

Formålet med tilskotet er å bidra til at alle barn og ungdom mellom 6 – 19 år gis like moglegheiter til å delta i idrett uavhengig av kvar dei bur og familien sin sosioøkonomiske ressursar.

140 millionar av tildelinga fordelast av idrettsråda i kommunane som er omfatta av ordninga, basert på tal og andel barn i familiar med vedvarande låginntekt. Desse idrettsråda har mottatt eige brev frå NIF. 9 idrettsråd i Vestland vil samla ha kr. 10.397.005 til fordeling blant idrettslag i desse kommunane.

Dei resterande 10 millionane blir fordelt til idrettslag i dei kommunane som fell utanfor den ordinære fordelinga. Av denne potten vil idrettslag i Vestland samla motta kr. 1.319.505.

Administrasjonen har utarbeida eit forslag om korleis desse midlane kan fordelast i Vestland. Forslaget inneber å bygge vidare på den praksis som ble nytta ved dei tidlegare fordelingane. Dette var ei enkel og ubyråkratisk/ ikkje-søknadsbasert ordning som trefte bredt. Ihht til retningslinjer frå NIF vil dei idrettslag som bereknast til å motta under kr. 5000,- ikkje få tildelt midlar. Dette er for å spisse ordninga litt slik at det monnar litt for dei idrettslaga som får tildeling.

I SSB-statistikken over andel personar med låginntekt 0-17 år er det 4 kommunar som ikkje har registrert tal. Tal publiserast ikkje for å unngå å identifisere personar. Dette er Eidfjord, Fedje, Hyllestad og Modalen. Administrasjonen foreslår at desse kommunane ikkje får tildelt midlar. I tillegg kjem Gulen kommune under 5000,- og vi foreslår å ta dei også ut av fordelinga.

Det vil då vere 29 kommunar med 297 idrettslag. Av desse er det 81 idrettslag som vil få midlar etter kriteria. Dette kan bli fleire om idrettsråda vel å justere tildelinga.

Forslaget frå administrasjonen er utarbeida med grunnlag i dei same faktorane som KUD har lagt til grunn i fordeling av beløpet til dei idrettsråda som mottar eigne midlar til fordeling.

Utkast til fordeling i den enkelte kommune sendast til det enkelte idrettsråd, som får to valalternativ:

1. Nytte modellen som idrettskretsen har lagt til grunn.
2. Endre modellen slik idrettsrådet måtte ønske.

Tildelinga som idrettsrådet kjem fram til må ta omsyn til forutsetningane frå KUD. VIK vil kvalitetssikre at desse forutsetningane ivaretakast før VIK sender inn eit samla forslag til fordeling til NIF, som står for utbetaling av midlane til det enkelte idrettslag.

Vedtak:

Kriteria for fordelinga er slik:

Fordeling pr. idrettsråd/kommune er basert på SSB statistikken over %-andel personar med låginntekt (0-17 år) i den enkelte kommune. Internt i kommunen er fordelinga etter medlemstal 6-19 år. Idrettslag som matematisk får under 5000,- setjast til 0,-.

**Tildelt sum til Vestland idrettskrets – kr. 1.319.505 –
fordelast i tråd med forslag frå administrasjonen.**

Sak 43/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

- Orienteringssaker, skriv og meldingar:
 - Styreleiar Nils R. Sandal er blitt alvorleg sjuk. Tone Stavland blir konstituert styreleiar i Nils R. Sandal sitt fråvær.
 - Kort status drift
 - Ungdomsutval
 - Krohnsminde
 - HMS

Deltakingar/representasjon idrettspolitiske arena:

o

Dato	Kva	Kven
16. juli	Offisiell middag i forbindelse med U23 EM i friidrett	Randi Marie Farnes
20. juli	U-23 EM i friidrett	Randi Marie Farnes, Magnus Hartwig og Ronny Lockert
06. aug	Landskamp i basketball - Åsane Arena	Randi Marie Farnes
12-13 aug	Arendalsuka, samarbeidsarrangement med Idrettsklynge Vest og Viken idrettskrets	Randi Marie Farnes
12. aug	Politisk møte Senterpartiet på Fana stadion/Gneist Arena	Ronny Lockert
13. aug	Opning av kunstgrasbane i Sædalen	Ronny Lockert
22. aug	Folkehelsekonferansen Vest	Randi Marie Farnes, Magnus Hesjedal Hartwig og Helene Fraas

Randi Marie Berntsen Farnes
Organisasjonssjef